

**Fra IOGT Region Midt-Norge
v/sekretær John Almendingen
Boks 29
8801 SANDNESSJØEN**

20.04. 2015

Til Helse- og omsorgsdepartementet.

**Innspel til høyring i alkoholloven –
varigheit på kommunale salgs- og skjenkeløyve mv.**

Utsegn frå årsmørte i IOGT Region Midt-Norge, Værnes 16.04.15.

REDUSERT FOLKEVALD INNVERKNAD I RUSPOLITIKKEN

Regjeringa har sendt ut på høyring forslag om endringar i alkohollova. Forslaget er mellom anna redusert innverknad frå dei folkevalde på den lokale alkoholpolitikken. I dag må bevillingane som gjeld løyve til sal og skjenking av alkohol fornyast kvart 4.år. Det skjer etter val av nytt kommunestyre. Regjeringa ønsker no å forlenge bevillingsperiodane, slik at bevillingane går automatisk vidare utan avgrensing i tid.

Årsmøtet i IOGT Region Midt-Norge vil gå mot framlegget til lovenrdring. Framlegget reduserer den lokale medverknaden i ruspolitikken, gir mindre sjanse for lokalsamfunnet til å drøfte og påverke alkoholpolitikken, og gjer det vanskelegare å stoppe useriøse aktørar. Sjølv om vi veit at kvaliteten på oppfølginga av alkohollova varierer frå kommune til kommune, vil det nye framlegget mellom anna svekke behova for løpande skolering og oppdatering av dei folkevalde om lover og regelverk knytt til forvaltinga av alkohollova.

IOGT Region Midt-Norge er elles forundra over at ei regjering som gir inntrykk av å ville flytte fleire avgjerder ned til lokal folkevald styring, samtidig går inn for å redusere den lokale kontrollen i eit så viktig folkehelseproblem som i ruspolitikken.

Helsing
for IOGT Region Midt-Norge

John Almendingen, sekretær i IOGT Region Midt-Norge